



# MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Kommunestyret  
**Møtestad:** 1. etg., Samfunnshuset i Volda  
**Dato:** 24.11.2016  
**Tid:** 14:00

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Hild Våge	Medlem	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Uthman Suheil Rajeh Abu Harbid	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Edvin Dale	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen, møtte kl. 16:30	Medlem	SP
Rebecca Riise Bjerknes	Medlem	SP
Åshild Vik	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Øyvind Festø	Medlem	MDG

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
Anne Lise Fredly	Margrete Trovåg	AP



## VOLDA KOMMUNE

Edvin Sverre Mårstøl	Vara i PS 144/16 og 145/16	FRP
Harald Ola Søvik	Vara i PS 144/16 og 148/16	FRP
Dag Sveinung Aarflot	Sølvi Dimmen til kl. 16:30	SP
Ivar-Otto Kristiansen	Per Svein Krøvel	H
Inger Tove B. Simonnes	Arild Iversen	KRF
Astrid Gjersdal	Gunnar Strøm	SV
Helge Standal	Øyvind Festø	MDG

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Sjugard	Rådmann

## SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 141/16	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 142/16	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
OS 46/16	<b>Presentasjon av Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS – biogassarbeidet</b>
PS 143/16	<b>Volda Campus Arena AS - bygging av ny idrettshall i Volda</b>
PS 144/16	<b>Søknad om løyve til oppstart av planarbeid - kommunedelplan for kryssing av Voldsfjorden</b>
PS 145/16	<b>Økonomieisk støtte Regionale utviklingsmidlar - Forprosjekt Volda kunnskapspark</b>
PS 146/16	<b>VTI Fotball - utskifting av kunstgraset på B-bana ved Volda stadion - søknad om kommunal lånegaranti og kommunalt tilskot</b>
PS 147/16	<b>"Ny næringar på gamle tufter" – Prosjekt</b>
PS 148/16	<b>Søknad om omdisponering av deponeringstilskot - Grendahuset Vesttun/Spiren Aktivitetshus</b>
PS 149/16	<b>Avtale om kjøp av grunn til friområde – Andanaset</b>
PS 150/16	<b>Lokale til ungdomsklubben i Volda</b>



## VOLDA KOMMUNE

- PS 151/16      **Grunnleggende verdiar for Volda kommune**
- PS 152/16      **Møteplan for politiske møte - formannskap og kommunestyre – 2017**
- PS 153/16      **Storting- og sametingsvalet 2017 - fastsetjing av valdag**
- PS 154/16      **Val av møtefullmektig i forliksrådet for perioden 01.01.17-31.12.20**
- PS 155/16      **Orienteringssaker**
- OS 47/16      **Volda Campus Arena - ny idrettshall ved Høgskulen**
- OS 48/16      **Utvida 2. tertialrapport barnevern 2016**
- OS 49/16      **Informasjonsbrev om Volda Campus Arena, og invitasjon til samarbeid**
- 
- PS 156/16      **Delegerte saker frå avdelingane**
- DS 172/16      **Løyve til tiltak, støttemur Gbr 6/19**
- DS 173/16      **Ferdigattest, tilbygg Gbr 14/3**
- DS 174/16      **Mellombels bruksløyve Gbr 18/312/0/1**
- DS 175/16      **Mellombels bruksløyve Gbr 18/376/0/3**
- DS 176/16      **Løyve til tiltak, riving av bustad Gbr 19/1006**
- DS 177/16      **Igangsettingsløyve Gbr 30/421**
- DS 178/16      **Avslag på søknad om Rammeløyve Gbr 30/402**
- DS 179/16      **Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 95/1**
- DS 180/16      **Løyve til tiltak, rehab.pipe Gbr 111/7**
- DS 181/16      **Løyve til tiltak, fritidsbustad Gbr 133/1**

### **PS 141/16 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Handsaming:**

##### **Innkalling**

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 16.11.16. Møtet vart annonsert i «Møre» den 19.11.16.

##### **Røysting:**

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

##### **Sakliste**

##### **Røysting:**

Saklista vart samrøystes vedteken.



## **Dokument lagt ut på lesebretta den 23.11.16:**

Vedlegg til sak PS 143/16:

- Volda ungdomsråd. Melding om politisk vedtak – Volda Campus Arena AS – Bygging av ny idrettshall i Volda, datert 22.11.16.
- Volda idrettsråd. Innspel til ny arealdel, datert 16.11.16.

Innleiingsvis i møtet hadde Volda kulturskule, ved Ragnhild Engeset, Ilja Elisabeth Bech og Julianne Vassbotn Remmereit, eit musikkinnslag. Dei framførte songen, I know him so well, av Andrew Lloyd Webber.

## **PS 142/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte**

### **Røysting:**

Møteprotokollen frå sist møte den 10.11.2016, vart samrøystes godkjent.

## **OS 46/16 Presentasjon av Volda og Ørsta reinhaldsverk IKS - biogassarbeidet**

## **PS 143/16 Volda Campus Arena AS - bygging av ny idrettshall i Volda**

### **Tilråding i formannskapet - 15.11.2016 til kommunestyret:**

- 1. Kommunestyret ser med positiv interesse på at Volda Campus Arena AS byggjer og driv idrettshall i Volda sentrum. Utgreiing av ny hall i kommunal regi vert å legge på vent til Campus Arena er avklart.*
- 2. Kommunestyret er innstilt på å gi investeringstilskot som årleg tilskot i 40 år tilsvarande renter og avdrag for eit lån på kr 30 millionar over 40 års nedbetalingstid.*
- 3. Kommunestyret er innstilt på at kommunen forhandlar om leige av lokale for kroppsøvings elevane i grunnskulen.*
- 4. Føresetnaden for å gå inn med investeringstilskot og leige kroppsøvingslokale er at det er gangavstand til Øyra skule og Volda ungdomsskule, samt at totaløkonomien i prosjektet er realistisk og herunder leigeprisen ligg på eit nivå som for alternative løysingar for kommunen. Vidare vil det vere ein føresetnad for kommunen at hallen kan planleggjast slik, dersom tomta gir rom for det, at den kan byggjast på med eit opplæringsbasseng med sambruk av fellesanlegg, garderober mv. Det må også avklarast om prosjektet skal ta omsyn til framtidig behov for symjeanlegg med 25M konkurranserbasseng.*



## VOLDA KOMMUNE

5. *Dersom Volda Campus Arena AS byggjer hallen på Jopllassen ved Høgskulen, så er Volda kommunestyre innstilt på å stille til disposisjon tomteareal under føresetnad av at prosjektet ikkje kjem i konflikt med utvikling av Høgskulen.*
6. *Volda kommunestyre kjem attende til kva som skal skje med Voldahallen etter at utbyggingsplanane for ny hall i regi av Volda Campus Arena AS er klarlagt.*
7. *Avtalen mellom grunneigar og Campus Arena As må vere kjend for Volda kommune innan avtale vert inngått.*

### **Handsaming:**

Dokument lagt ut på lesebretta den 23.11.16:

- Volda ungdomsråd. Melding om politisk vedtak – Volda Campus Arena AS – Bygging av ny idrettshall i Volda, datert 22.11.16.
- Volda idrettsråd. Innspel til ny arealdel, datert 16.11.16.

Erlend Krumsvik reiste spørsmål om habilitet. Han er styremedlem i Volda Campus Arena, jf. fvl. § 6. 1.1, e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Roald Espset reiste spørsmål om habilitet. Sambuaren til Espset er eigar av Jopllassen, jf. fvl. § 6. 2. 1. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet (25 røsteføre):

Erlend Krumsvik vart samrøystes kjent inhabil.

Roald Espset vart samrøystes kjent inhabil og vara Edvin Sverre Mårstøl tok sete.

Anders Egil Straume, KrF, kom med slikt alternativt framlegg til punkt 5:

*Dersom Volda Campus Arena AS byggjer hallen på Jopllassen ved Høgskulen, så er Volda Kommunestyre innstilt på å stille til disposisjon tomteareal.*

Det vart halde prøverøysting, punkt 5:

Det vart røysta alternativ mellom tilrådinga frå formannskapet punkt 5 og framlegget frå Anders Egil Straume. Tilrådinga frå formannskapet fekk 21 røyster, framlegget frå Anders Egil Straume fekk 5 røyster.

Anders Egil Straume trekte framlegget sitt.

**Røysting** (26 røsteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.



## VOLDA KOMMUNE

### Vedtak i kommunestyret - 24.11.2016:

- 1. Kommunestyret ser med positiv interesse på at Volda Campus Arena AS bygger og driv idrettshall i Volda sentrum. Utgreiing av ny hall i kommunal regi vert å legge på vent til Campus Arena er avklart.*
- 2. Kommunestyret er innstilt på å gi investeringstilskot som årleg tilskot i 40 år tilsvarande renter og avdrag for eit lån på kr 30 millionar over 40 års nedbetalingstid.*
- 3. Kommunestyret er innstilt på at kommunen forhandlar om leige av lokale for kroppsøvings elevane i grunnskulen.*
- 4. Føresetnaden for å gå inn med investeringstilskot og leige kroppsøvingslokale er at det er gangavstand til Øyra skule og Volda ungdomsskule, samt at totaløkonomien i prosjektet er realistisk og herunder leigeprisen ligg på eit nivå som for alternative løysingar for kommunen. Vidare vil det vere ein føresetnad for kommunen at hallen kan planleggjust slik, dersom tomta gir rom for det, at den kan byggjust på med eit opplæringsbasseng med sambruk av fellesanlegg, garderober mv. Det må også avklarast om prosjektet skal ta omsyn til framtidig behov for symjeanlegg med 25M konkurransebasseng.*
- 5. Dersom Volda Campus Arena AS bygger hallen på Joplasse ved Høgskulen, så er Volda kommunestyre innstilt på å stille til disposisjon tomteareal under føresetnad av at prosjektet ikkje kjem i konflikt med utvikling av Høgskulen.*
- 6. Volda kommunestyre kjem attende til kva som skal skje med Voldahallen etter at utbyggingsplanane for ny hall i regi av Volda Campus Arena AS er klarlagt.*
- 7. Avtalen mellom grunneigar og Campus Arena As må vere kjend for Volda kommune innan avtale vert inngått.*

Erlend Krumsvik og Roald Espset tok sete, vara Edvin Sverre Mårstøl gjekk.

### **PS 144/16 Søknad om løyve til oppstart av planarbeid - kommunedelplan for kryssing av Voldsfjorden**

#### **Tilråding i formannskapet - 15.11.2016 til kommunestyret:**

- 1. Volda kommunestyre vedtek at Voldsfjordkryssing AS får løyve til oppstart av arbeid med planprogram for utarbeiding av kommunedelplan for ferjefri kryssing av Voldsfjorden.*
- 2. Voldsfjordkryssing AS skal dekkje alle kostnader knytt til utarbeiding av planprogram og varsling av oppstart av planarbeid.*



## VOLDA KOMMUNE

### **Handsaming:**

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet, han er dagleg leiar for Voldsfjordkryssing, jf. fvl. § 6, 1. 1, e. nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Edvin Dale reiste spørsmål om habilitet, han er styremedlem i Voldsfjordkryssing, jf. fvl. § 6, 1. 1, e. nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet (25 røysteføre):

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil.

Edvin Dale vart samrøystes kjent inhabil.

Varamedlem Edvin Sverre Mårstøl og Harald O. Søvik tok sete.

Anders Egil Straume, KrF, kom med slikt framlegg:

*Volda kommune vil dekkje kostnaden inn til kr. 100000.- med utarbeiding av planprogrammet. Rådmannen skal fremme eiga løyvingssak om dette, straks avtale med ekstern utførande konsulent ligg føre.*

**Røysting** (27 røysteføre):

Punkt 1 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå formannskapet punkt 2 og framlegget frå Anders Egil Straume. Tiltrådinga frå formannskapet fekk 7 røyster og fall, framlegget frå Anders Egil Straume fekk 20 røyster og vart vedteke.

### **Vedtak i kommunestyret - 24.11.2016:**

- 1. Volda kommunestyre vedtek at Voldsfjordkryssing AS får løyve til oppstart av arbeid med planprogram for utarbeiding av kommunedelplan for ferjefri kryssing av Voldsfjorden.*
- 2. Volda kommune vil dekkje kostnaden inn til kr. 100000.- med utarbeiding av planprogrammet. Rådmannen skal fremme eiga løyvingssak om dette, straks avtale med ekstern utførande konsulent ligg føre.*

Odd A. Folkestad og Edvin Dale tok sete. Varamedlemene Edvin Sverre Mårstøl og Harald O. Søvik gjekk.

### **PS 145/16 Økonomisk støtte Regionale utviklingsmidlar - Forprosjekt Volda kunnskapspark**

#### **Tiltråding i formannskapet - 15.11.2016 til kommunestyret:**

*Kommunestyret i Volda støttar at det vert utarbeid eit forprosjekt for Volda kunnskapspark i samsvar med denne saka.*



## VOLDA KOMMUNE

*Det vert løyvd kr.200.000,- frå kraftfondet/næringsfondet som økonomisk tilskot til forprosjektet. Løyvinga vert utbetalt i samsvar med vedlagde finansieringsplan slik.*

*2016 kr. 100.000,-*

*2017 kr. 100.000,-*

*Når prosjektet er avslutta skal det leverast ein sluttrapport som gjer greie for i kva grad resultatmåla er nådd.*

### **Handsaming:**

Odd A. Folkestad reiste spørsmål om habilitet. Han er styremedlem i Sunnmøre kulturnæringshage, jf. fvl. § 6. 1.1, e, nr. 2. Han tok ikkje del i røystinga og handsaminga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Odd A. Folkestad vart samrøystes kjent inhabil. Vara Edvin Sverre Mårstøl tok sete.

**Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Kommunestyret - 24.11.2016**

***Kommunestyret i Volda støttar at det vert utarbeid eit forprosjekt for Volda kunnskapspark i samsvar med denne saka.***

*Det vert løyvd kr.200.000,- frå kraftfondet/næringsfondet som økonomisk tilskot til forprosjektet. Løyvinga vert utbetalt i samsvar med vedlagde finansieringsplan slik.*

*2016 kr. 100.000,-*

*2017 kr. 100.000,-*

*Når prosjektet er avslutta skal det leverast ein sluttrapport som gjer greie for i kva grad resultatmåla er nådd.*

Odd A. Folkestad tok sete og vara Edvin Sverre Mårstøl gjekk.

### **PS 146/16 VTI Fotball - utskifting av kunstgraset på B-bana ved Volda stadion - søknad om kommunal lånegaranti og kommunalt tilskot**

#### **Tilråding i formannskapet - 15.11.2016 til kommunestyret:**

1. *Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 2.146. 000,- på dei vilkår som går fram av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.*

*Garantien vert gjeven på slike vilkår:*

a. *Garantien er ein simpel kausjon.*

b. *Garantien skal avkortast i takt med utbetaling av sponsormidlar, spelemidlar og refusjon av mva. til anlegget og skissert nedbetalingsplan for lånet, maks lånetid*





## VOLDA KOMMUNE

15 r.

2. *Kommunestyret finn ikkje å kunne gje tilskot til prosjektet slik søkt om, (kr. 200.000), då det ikkje er avsett midlar til slike formål i budsjett 2016 eller budsjettforslag for 2017.*
3. *Kommunestyret ber om informasjon om tiltak mot eventuell forureiningsfare med granulat m.o.t. deponering av gammalt kunstgrasdekke og legging av nytt kunstgrasdekke.*

### **Handsaming:**

Sølvi Dimmen, SP, møtte og vara Dag Sveinung Aarflot gjekk.

Helge Standal, MDG Volda, kom med slikt framlegg:

*1. Saka vert utsett. Ei grundig vurdering av helse- og miljørisiko og tiltak for å redusere spreining av granulat må leggast fram for kommunestyret før endeleg vedtak.*

*2. Kommunestyret ber om ein plan for å hindre spreining av bildekkgranulat i naturen, forsvarleg avhending av utslitne baner og reduksjon i plastforbruk for alle kunstgrasbanene i kommunen.*

Røysting utsetjingsframlegget:

Utsetjingsframlegget fekk 8 røyster og fall. 19 røysta imot.

Ordføraren kom med slikt verbalframlegg, som ikkje vart røysta over:

*Utsetjingsframlegget vert sendt til formannskapet, med sikte på å sende dette vidare til sentrale myndigheiter.*

Hild Våge, A, fremja Helge Standal, MDG, sitt framlegg punkt 2, som nytt punkt 4, med følgjande endring; plan vert endra til utgreiing.

*Kommunestyret ber om ein utgreiing for å hindre spreining av bildekkgranulat i naturen, forsvarleg avhending av utslitne baner og reduksjon i plastforbruk for alle kunstgrasbanene i kommunen.*

**Røysting** (27 røystefore):

Punkt 1-3 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Framlegget frå Hild Våge, nytt punkt 4, vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i kommunestyret - 24.11.2016:**

1. *Med atterhald om Fylkesmannen si godkjenning, gir Volda kommune kommunal garanti til VTI Fotball for lån pålydande kr. 2.146. 000,- på dei vilkår som går fram av lånetilbod vedlagt garantisøknaden.*

*Garantien vert gjeven på slike vilkår:*

- a. *Garantien er ein simpel kausjon.*
- b. *Garantien skal avkortast i takt med utbetaling av sponsormidlar, spelemidlar og refusjon av mva. til anlegget og skissert nedbetalingsplan for lånet, maks lånetid*



## VOLDA KOMMUNE

16 r.

2. *Kommunestyret finn ikkje å kunne gje tilskot til prosjektet slik søkt om, (kr. 200.000), då det ikkje er avsett midlar til slike formål i budsjett 2016 eller budsjettforslag for 2017.*
3. *Kommunestyret ber om informasjon om tiltak mot eventuell forureiningsfare med granulat m.o.t. deponering av gammalt kunstgrasdekke og legging av nytt kunstgrasdekke.*
4. *Kommunestyret ber om ein utgreiing for å hindre spreining av bildekkgranulat i naturen, forsvarleg avhending av utslitne baner og reduksjon i plastforbruk for alle kunstgrasbanene i kommunen.*

### PS 147/16 "Ny næringar på gamle tufter" - Prosjekt

#### Tilråding i formannskapet - 15.11.2016 til kommunestyret:

*Med tilvising til vedlagde skisse og møtereferat frå møtet på Grodås 26.10.2016 vedtek Volda kommunestyre å støtte opp om eit forprosjekt «Ny næring på gamle tufter». Forprosjektet skal vere ferdig på forsommaren 2017, og skal danne grunnlag for vedtak om evt. vidare deltaking i hovedprosjektet.*

*Forprosjektet skal klarlegge nærare mål for arbeidet, organisering, framdriftsplan, kven som må og bør vere målgruppe for arbeidet, samarbeidspartar, finansiering m.m.*

*Forprosjektet har ei økonomisk ramme på inntil kr. 200.000,- der kommunane Hornindal (vert), Stranda, Stryn, Volda og Ørsta bidreg med kr. 25.000,- kvar. Volda kommune tek på seg eventuell tilleggsfinansiering innanfor den økonomiske ramma for å realisere forprosjektarbeidet. Ein føresetnad for vedtaket er at minst 4 av dei 5 kommunane sluttar seg til forprosjektet.*

*Dekning: kto. 14900.1550.100 (xxxxx Det skal opprettast prosjektnummer)*

#### Handsaming:

Ordføraren kom med slik endring i tilrådinga frå formannskapet, siste periode i tredje setning:

Ein føresetnad for vedtaket er at minst 3 av dei 5 kommunane sluttar seg til forprosjektet.

#### Røysting (27 røysteføre):

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå formannskapet og framlegget frå ordføraren. Framlegget frå ordføraren fekk 26 røyster og vart vedteke, tilrådinga frå formannskapet fekk 1 røyst og fall.



## VOLDA KOMMUNE

### Vedtak i kommunestyret - 24.11.2016

*Med tilvising til vedlagde skisse og møtereferat frå møtet på Grodås 26.10.2016 vedtek Volda kommunestyre å støtte opp om eit forprosjekt «Ny næring på gamle tufter». Forprosjektet skal vere ferdig på forsommaren 2017, og skal danne grunnlag for vedtak om evt. vidare deltaking i hovedprosjektet.*

*Forprosjektet skal klarlegge nærare mål for arbeidet, organisering, framdriftsplan, kven som må og bør vere målgruppe for arbeidet, samarbeidspartar, finansiering m.m.*

*Forprosjektet har ei økonomisk ramme på inntil kr. 200.000,- der kommunane Hornindal (vert), Stranda, Stryn, Volda og Ørsta bidreg med kr. 25.000,- kvar. Volda kommune tek på seg eventuell tilleggsfinansiering innanfor den økonomiske ramma for å realisere forprosjektarbeidet. Ein føresetnad for vedtaket er at minst 3 av dei 5 kommunane sluttar seg til forprosjektet.*

*Dekning: kto. 14900.1550.100 (xxxxx Det skal opprettast prosjektnummer)*

### PS 148/16 Søknad om omdisponering av deponeringstilskot - Grendahuset Vesttun/Spiren Aktivitetshus

#### Tilråding i formannskapet - 15.11.2016 til kommunestyret:

*Søknaden frå Spiren Aktivitetshus vert imøtekomen. Tilskotet vert å innarbeide i budsjett for 2017.*

#### Handsaming:

Edvin Dale reiste spørsmål om habilitet, han er leiar for grendahuset Vesttun, jf. fvl. § 6, 1.1, e, nr. 2. Han tok ikkje del i handsaminga og røystinga over spørsmål om habilitet.

Røysting habilitet:

Edvin Dale vart samrøystes kjent inhabil. Varamedlem Harald O. Søvik tok sete.

#### Røysting (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### Vedtak i kommunestyret - 24.11.2016:

*Søknaden frå Spiren Aktivitetshus vert imøtekomen. Tilskotet vert å innarbeide i budsjett for 2017.*

Edvin Dale tok sete og vara Harald O. Søvik gjekk.



## VOLDA KOMMUNE

### **PS 149/16 Avtale om kjøp av grunn til friområde - Andanaset**

#### **Tilråding i formannskapet - 18.10.2016 til kommunestyret:**

*Volda kommunestyre godkjenner avtalen mellom eigarar av gnr.30 bnr.18 og Volda kommune slik den ligg føre som vedlegg 1 til denne saka.*

*Volda kommune sin del av sikringskostnadene inntil kr. 90.000,- vert å dekke ved ubunde investeringsfond.*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting (27 røysteføre):**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i kommunestyret - 24.11.2016:**

*Volda kommunestyre godkjenner avtalen mellom eigarar av gnr.30 bnr.18 og Volda kommune slik den ligg føre som vedlegg 1 til denne saka.*

*Volda kommune sin del av sikringskostnadene inntil kr. 90.000,- vert å dekke ved ubunde investeringsfond.*

### **PS 150/16 Lokale til ungdomsklubben i Volda**

#### **Tilråding i formannskapet - 02.11.2016 til kommunestyret:**

- 1. Det vert vurdert leige av nye lokale for ungdomsklubben i Volda i budsjett og økonomiplan for 2017-2020.*
- 2. Ungdomsklubbtilbodet vert evaluerte i løpet av 2018.*

#### **Handsaming:**

#### **Røysting (27 røysteføre):**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i kommunestyret - 24.11.2016**

- 1. Det vert vurdert leige av nye lokale for ungdomsklubben i Volda i budsjett og økonomiplan for 2017-2020.*
- 2. Ungdomsklubbtilbodet vert evaluerte i løpet av 2018.*



## VOLDA KOMMUNE

### PS 151/16 Grunnleggande verdiar for Volda kommune

#### Tilråding i formannskapet - 02.11.2016 til kommunestyret:

1. *Kommunestyret tek til vitande verdiprosessen som har vore gjennomført*
2. *Kommunestyret stadfestar verdiorda raus, modig, kompetent og lærande som grunnleggande verdiar for Volda kommune.*
3. *Kommunestyret er open for at det kan verte behov for ein ny verdiprosess ved kommunesamanslåing.*

#### Handsaming:

Erlend Krumsvik, KrF, kom med slikt framlegg til nytt punkt 3:

*Kommunestyret er open for at det kan verte behov for ein ny verdiprosess ved kommunesamanslåing, og ber fellesnemnda frå Volda om å ta initiativ til ein prosess med å etablere eit slagord for den nye kommunen.*

#### Røysting (27 røysteføre):

Punkt 1 og 2 i tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Det vart røysta alternativt mellom tilrådinga frå formannskapet punkt 3 og framlegget frå Erlend Krumsvik. Framlegget frå Erlend Krumsvik vart samrøystes vedteke.

### Vedtak i kommunestyret - 24.11.2016

1. *Kommunestyret tek til vitande verdiprosessen som har vore gjennomført*
2. *Kommunestyret stadfestar verdiorda raus, modig, kompetent og lærande som grunnleggande verdiar for Volda kommune.*
3. *Kommunestyret er open for at det kan verte behov for ein ny verdiprosess ved kommunesamanslåing, og ber fellesnemnda frå Volda om å ta initiativ til ein prosess med å etablere eit slagord for den nye kommunen.*

### PS 152/16 Møteplan for politiske møte - formannskap og kommunestyre - 2017

#### Tilråding i formannskapet - 15.11.2016 til kommunestyret:

*Følgjande møteplan for 2017 for formannskap og kommunestyre vert godkjent:*

	<i>FORMANNSKAPET</i>	<i>KOMMUNESTYRET</i>
<i>JANUAR</i>	<i>10. og 31.</i>	<i>26.</i>
<i>FEBRUAR</i>	<i>14. og 21.</i>	
<i>MARS</i>	<i>7. og 22.</i>	<i>2. og 30.</i>



## VOLDA KOMMUNE

<i>APRIL</i>	<i>18.</i>	<i>27.</i>
<i>MAI</i>	<i>2., 16. og 30.</i>	<i>24.</i>
<i>JUNI</i>	<i>13. og 27.</i>	<i>22.</i>
<i>JULI</i>		
<i>AUGUST</i>	<i>15.</i>	<i>31.</i>
<i>SEPTEMBER</i>	<i>19.</i>	<i>28.</i>
<i>OKTOBER</i>	<i>2., 17. og 30.</i>	<i>26.</i>
<i>NOVEMBER</i>	<i>14., 21. og 28.</i>	<i>9. presentasjon av budsjett og 30.</i>
<i>DESEMBER</i>	<i>12.</i>	<i>14.</i>

*Formannskapet startar møta sine kl. 12:00 og kommunestyret kl. 14:00.*

### **Handsaming:**

**Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i kommunestyret - 24.11.2016:**

***Følgjande møteplan for 2017 for formannskap og kommunestyre vert godkjent:***

	<b><i>FORMANNSKAPET</i></b>	<b><i>KOMMUNESTYRET</i></b>
<b><i>JANUAR</i></b>	<b><i>10. og 31.</i></b>	<b><i>26.</i></b>
<b><i>FEBRUAR</i></b>	<b><i>14. og 21.</i></b>	
<b><i>MARS</i></b>	<b><i>7. og 22.</i></b>	<b><i>2. og 30.</i></b>
<b><i>APRIL</i></b>	<b><i>18.</i></b>	<b><i>27.</i></b>
<b><i>MAI</i></b>	<b><i>2., 16. og 30.</i></b>	<b><i>24.</i></b>
<b><i>JUNI</i></b>	<b><i>13. og 27.</i></b>	<b><i>22.</i></b>
<b><i>JULI</i></b>		
<b><i>AUGUST</i></b>	<b><i>15.</i></b>	<b><i>31.</i></b>
<b><i>SEPTEMBER</i></b>	<b><i>19.</i></b>	<b><i>28.</i></b>
<b><i>OKTOBER</i></b>	<b><i>2., 17. og 30.</i></b>	<b><i>26.</i></b>
<b><i>NOVEMBER</i></b>	<b><i>14., 21. og 28.</i></b>	<b><i>9. presentasjon av budsjett og 30.</i></b>
<b><i>DESEMBER</i></b>	<b><i>12.</i></b>	<b><i>14.</i></b>

*Formannskapet startar møta sine kl. 12:00 og kommunestyret kl. 14:00.*

**PS 153/16 Storting- og sametingsvalet 2017 - fastsetjing av valdag**

**Tilråding i valstyret - 15.11.2016 til kommunestyret:**

*I Volda kommune skal valdagen for Stortings- og sametingsvalet 2017 vere måndag 11. september 2017.*

### **Handsaming:**



## VOLDA KOMMUNE

**Røysting** (27 røysteføre):

Tilrådinga frå valstyret vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i kommunestyret - 24.11.2016:**

*I Volda kommune skal valdagen for Stortings- og sametingsvalet 2017 vere måndag 11. september 2017.*

**PS 154/16 Val av møtefullmektig i forliksrådet for perioden 01.01.17-31.12.20**

**Handsaming:**

Ordføraren kom med slikt framlegg:

*Saka vert utsett.*

**Røysting** (27 røysteføre):

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

**Vedtak i kommunestyret - 24.11.2016**

*Saka vert utsett.*

**PS 155/16 Orienteringssaker**

Det var ingen merknader til orienteringssakene.



## VOLDA KOMMUNE

### **Orienteringssaker**

OS 47/16 Volda Campus Arena - ny idrettshall ved Høgskulen

OS 48/16 Utvida 2. tertialrapport barnevern 2016

OS 49/16 Informasjonsbrev om Volda Campus Arena, og invitasjon til samarbeid

### **PS 156/16 Delegerte saker frå avdelingane**

Det var ingen merknader til dei delegerte sakene frå avdelingane.

### **Delegerte saker frå avdelingane**

DS 172/16 Løyve til tiltak, støttemur Gbr 6/19

DS 173/16 Ferdigattest, tilbygg Gbr 14/3

DS 174/16 Mellombels bruksløyve Gbr 18/312/0/1

DS 175/16 Mellombels bruksløyve Gbr 18/376/0/3

DS 176/16 Løyve til tiltak, riving av bustad Gbr 19/1006

DS 177/16 Igangsettingsløyve Gbr 30/421

DS 178/16 Avslag på søknad om Rammeløyve Gbr 30/402

DS 179/16 Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 95/1

DS 180/16 Løyve til tiltak, rehab.pipe Gbr 111/7

DS 181/16 Løyve til tiltak, fritidsbustad Gbr 133/1

Møtet slutt kl. 17:55

Rett utskrift,  
Volda kommune, servicekontoret  
25.11.2016

Sonja Håvik  
konsulent